



Bacheloroppgave

IDR600 Sport Management

**Korleis opplever hovudtrenar og spelarar på eit
elitelag i fotball effekten av individuell
prestasjonsfeedback med hjelp av video?**

Kandidatnummer: 5

Totalt antall sider inkludert forsiden: 49

Molde, 02.06.2020



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

<i>Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruta til høyre for den enkelte del 1-6:</i>	
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen. <input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse. <input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annulling av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15. <input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiakkontrollert i URKUND, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver <input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk <input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider <input checked="" type="checkbox"/>

Personvern

Personopplysningsloven

Forskningsprosjekt som innebærer behandling av personopplysninger iht.

Personopplysningsloven skal meldes til Norsk senter for forskningsdata, NSD, for vurdering.

Har oppgaven vært vurdert av NSD?

ja nei

- Hvis ja:

Referansenummer: 346764

- Hvis nei:

Jeg/vi erklærer at oppgaven ikke omfattes av Personopplysningsloven:

Helseforskningsloven

Dersom prosjektet faller inn under Helseforskningsloven, skal det også søkes om forhåndsgodkjenning fra Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, REK, i din region.

Har oppgaven vært til behandling hos REK?

ja nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Ole Martin Kleivenes

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven. §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjennelse.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering: ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)? ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over? ja nei

Dato:

Antall ord: 11150

Forord

Arbeidet med denne oppgåva har vore spennande og lærerikt. Eg har fått mykje ny og god kunnskap innan eit spennande felt i fotballverdenen.

Eg vil gjerne takke Ole Martin Kleivenes ved Høgskulen i Molde som har vore rettleiaren min.

Eg vil også gjerne takke informantane mine. Dei seks spelarane og hovudtrenar i klubben. I tillegg vil eg gjerne takke dei andre i klubben som arbeidar rundt klubbens lag for god hjelp i denne perioda.

Sammendrag

Denne kvalitative studien handlar om individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video i ein toppfotballklubb. Studien er basert på seks spelarar i ulike aldersgrupper og hovudtrenar for klubben. Studien tar for seg spelarane sine opplevingar og erfaringar rundt individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video og trenaren sine mål og tankar rundt dette.

Spelarane har alle fått dei same spørsmåla medan trenaren fekk sine eigne spørsmål.

Eg har samanlikna svara til informantane og utifrå dette laga ein skriftleg rapport.

Innholdsfortegnelse

1.0 INNLEIING	1
1.1 INTRODUKSJON	1
1.2 BAKGRUNN OG PROBLEMSTILLING	1
1.3 AVGRENSING OG DISPOSISJON.....	2
2.0 TEORETISK BAKGRUNN.....	1
2.1 FOTBALL	1
2.2 LÆRING.....	1
2.2 HUKOMMELSE.....	2
2.2.1 <i>Informasjonsprosessering.....</i>	3
3.0 METODE.....	6
3.1 SAMFUNNSVITSKAPLEG FORSKINGSMETODE.....	6
3.1.1 <i>Kvalitativ metode.....</i>	7
3.1.2 <i>Oppsummering</i>	8
3.2 INFORMANTAR	8
3.3 PLANLEGGING OG GJENNOMFØRING AV INTERVJU	9
3.4 TRANSKRIBERING OG DATAANALYSE.....	9
3.5 ETISKE ASPEKT	11
3.5.1 <i>Reliabilitet</i>	11
3.5.2 <i>Validitet</i>	12
3.5.3 <i>Etisk og juridisk ansvar</i>	13
4.0 FUNN	15
4.1 TRENAREN SINE TANKAR OG MÅL.....	15
4.1.1 <i>Kva er ditt mål med individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video til spelarane?</i>	15
4.1.2 <i>Korleis opplever du effekten på spelarane kvar for seg?.....</i>	15
4.1.3 <i>Korleis opplev du effekten på laget samla sett?.....</i>	15
4.1.4 <i>Kor ofte ønsker du at spelarane skal sjå på video av eigne prestasjonar?</i>	16
4.1.5 <i>Kor ofte trur du spelarane ser på video sjølv?</i>	16
4.1.6 <i>Er det nokon posisjonar eller aldersgrupper du føler at video har større effekt på enn andre? 16</i>	
4.2 SPELARANE SINE OPPLEVINGAR OG ERFARINGAR.....	17
4.2.1 <i>Opplevelsen av individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video.....</i>	17

4.2.2	<i>Effekt</i>	20
4.2.3	<i>Tilrettelegging og tilgang</i>	22
4.2.4	<i>Karriere og video</i>	23
4.2.5	<i>Eksempel frå karriera</i>	26
5.0	DISKUSJON	28
6.0	AVSLUTNING	33
7.0	LITTERATUR	34
8.0	VEDLEGG	36
8.1	VEDLEGG 1: INTERVJUGUIDE, TRENAR	36
8.2	VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE, SPELAR	37
8.3	VEDLEGG 3: GODKJENNING FRÅ NSD	38
8.4	VEDLEGG 4: INFORMASJONSSKRIV	39

1.0 Innleiing

1.1 Introduksjon

Fotball er verdas største spel målt i utbredelse, aktivitet, medieinteresse og økonomisk omsetning (Goksøyr 2014, 16). Fotball er eit spel der ein tenker rasjonelt gjennom øving, trening og planlegging av strategi og taktikk for å vinne (17).

Dei som når opp har ofte trent ekstremt mykje. Ein god fotballspelar må ha ekstreme individuelle ferdigheter som må kunne setjast effektivt saman med medspelarane sine ferdigheter. Trenaren må tilpasse plan, instruksjonar og feedback til kvar enkelt spelar sin optimale læringsstil, foretrukne kommunikasjonsform og tryggleik-/ tilknytingsbehov. God trening må treffe på mykje, og vil nok bestå av ei dose kunnskap og vitskap i tillegg til ein del erfaring.

Som resten av samfunnet, er fotballen prega av ei stor teknologisk utvikling. Tilgangen på diverse verktøy og data er stor. Med alle desse moglegeheitene er det mogleg at det kan bli for mykje data og for lite informasjon. Dei store klubbane brukar fleire måleverktøy til å måle prestasjonane til spelarane sine. GPS med ulike målingar på fart, akselerasjon og distanse er mykje brukt til å vurdere den fysiske biten av fotball. Det taktiske på ei fotballbane er litt meir komplisert å måle enn det fysiske, og har ikkje samme grad av sanning bak seg. Her blir det meir meningar av den enkelte trenar som har sin fotballfilosofi. Til å måle ein spelar sine prestasjonar i ettertid av ein kamp eller trening er det fleire ulike metodar som blir brukt. Nokre går på statistikk og nokre går på video frå kampen.

1.2 Bakgrunn og problemstilling

Grunnen til at eg har valt å skrive om fotball og video er at eg for tida er praktikant i den danske fotballklubben FC Midtjylland. Her arbeider eg med video og statistikk. Under kamp og trening filmar vi spelarane for taktisk bruk i etterkant. Under trening er det eg som gjer denne jobben, og fokuserer mest på laget som heilskap. Under kamp er vi to personar som gjer denne jobben. Her består mi oppgåve i å fokusere på spelarane sine enkeltinvolveringar. Nå ein spelar har ei taktisk “interessant eller merkbar” involvering,

markerer eg denne på ei “tidslinje”. Etter kamp synkroniserer vi desse tidslinjene som utgjer spelarane sine involveringar i eit program som heiter “HudlSportscode”. I dette programmet blir tidslinja synkronisert med videoen av kampen. Når dette er gjort endar vi opp med ein plass mellom 20 til 40 30-sekundsvideoar per spelar. Desse videoane utgjer spelaren sine “interessante” involveringar. Om lag ein time etter kamp lastar vi opp videoane på nettsida/appen til HudlSportscode. Her kan spelarane gå inn og sjå heile kampen samt sine eigne involveringar.

Dagen etter kamp har vi alltid ein gjennomgang av kampen, med bilder og video av laget sin prestasjon. I denne gjennomgangen er det mest fokus på laget sin heilskaplege prestasjon. Ein går ikkje inn på kvar enkelt spelar sine prestasjonar i ein slik gjennomgang.

Etter kvart som eg har jobba med dette, har eg lurt på om individuell prestasjonsfeedback med hjelp av video kan ha effekt på enkeltpelarar sine prestasjonar, og har derfor utforma følgande problemstilling for denne oppgåva:

“Korleis opplever hovudtrenar og spelarar på eit elitelag i fotball effekten av individuell prestasjonsfeedback med hjelp av video?”

1.3 Avgrensing og disposisjon

Innleiingsvis har eg presentert tema, bakgrunn og problemstilling for denne oppgåva. I kapittel 2 presenterer eg teori knytt til fotball, læring og hukommelse.

Denne teorien blir i kapittel 5 diskutert opp mot funna i prosjektet. Funna blir presentert i kapittel 4. I kapittel 3 får vi ei innføring i metode i tillegg til beskrivelse av informantar, planlegging og gjennomføring av intervju, transkribering og etiske aspekt.

2.0 Teoretisk bakgrunn

2.1 Fotball

Enkelt forklart, er poenget med fotball å få ballen inn i motstandaren sitt mål utan å bruker hender eller armar, og laget som klarar dette flest gongar vinn kampen (Gifford 2008).

Fotball er slik sett eit ganske enkelt spel der det handlar om spelarane sin dyktighet og evne til å spele saman som eit lag. Nokre har medfødde eigenskapar som kjem godt med dersom ein skal bli ein god fotballspelar, men vegen til suksess på bana består først og fremst av mykje trening og tålmodighet og vilje til å stå på.

I sjølve spelet er der ein del reglar (Gifford 2008). Desse sørgar for at kampen blir rettferdig og at spelet blir utført riktig. Dei som blir gode fotballspelarar har god kjennskap til desse reglane.

Ein god fotballspelar må ha oversikt over det som skjer på fotballbana, og over kvar medspelarar og motspelarar befinn seg (Gifford 2008). Hen må kunne bevege seg til dei riktige posisjonane og slå presise pasningar. Spelarane som beherskar mange ulike pasningsteknikkar kan lettare få kontoll over ballen, og føle at dei beherskar spelet. For å få til desse pasningane, arbeidar ein fotballspelar stadig med å finpusse pasningsteknikken sin.

2.2 Læring

I følge det kognitive perspektivet består læring i “å forandre forståelse som vi allerede har, heller enn enkle tilegnelser skrevet på blanke ark” (Greeno, Collins & Resnick 1996:18, referert i Woolfolk 2006, 164). I stedet for passivt å bli påvirket av hendelser i omgivelsene, velger mennesker aktivt, de øver seg, følger med, overser, reflekterer og tar mange andre avgjørelser når de jobber mot ulike mål (Woolfolk 2006, 164)

For å utvikle taktisk kunnskap i idrett, kan skriftlege rapportar som blir tatt i bruk rett etter kamp vere nyttige verktøy, sidan desse rapportane kan innhente informasjon frå nær kampliknande situasjonar (Ericsson & Simon 1993, referert i Gil-Arias 2015, 636/637).

Bruk av feedback ved hjelp av video som ein reiskap for å gi utøvarane refleksjon over eigne prestasjoner er vanleg i både læring og coaching (Menickelli 2004, vii). Feedback ved hjelp av video har brakt fornøya merksemd og ulike anbefalingar for korleis det skal brukast. Eksempelvis i feedback ved hjelp av video rett etter utføringa av prestasjonen, bruke det ofte og bruke ulike kameravinklar i videoen under feedback (Franks & Maile 1991; Trinity & Annesi 1996, referert i Menickelli 2004, vii). Forsking har fokusert på to hovudproblem: feedback ved hjelp av video i eit sjølvkontrollert læringsmiljø og mottakaren sin kognitive respons under feedback ved hjelp av video.

2.2 Hukommelse

Hukommelsen vår er sentral i korleis vi tolkar ulike hendingar, då den lagrar og hentar informasjon, samanliknar ny og gamal informasjon og inneheld store mengder data (Nyhus 2001, 12). Den handlar automatisk og ofte utan at vi er bevisst over det. Intuisjonen sørgar for ei ubevisst innhenting av informasjon, og har kjelde i hukommelsen vår. Det vi har lært er det vi hugsar (Medin & Ross 1992, referert i Nyhus 2001, 12). Det er først og framst snakk om lagring av kunnskap og ferdigheiter, i tillegg til at hukommelsen er det vi kan hugse av hendingar vi har opplevd.


Når vi snakkar om hukommelsen, kan vi dele inn i to ulike hukommelsessystem (Nyhus 2001, 13). Det eine systemet ivaretar informasjon om samanhengar om enkelte læringsepisodar. Det andre er ein kontekstfri hukommelse som lagrar kunnskap i ei abstrakt form. Den episodiske hukommelsen er prega av sterk bevisstheit, og kan kallast ein eksplisitt kunnskap. Den kontekstfrie hukommelsen er implisitt kunnskap, eller taus kunnskap. Vi kan anta at den implisitte kunnskapen manglar fleksibilitet (Berry & Dienes 1993, referert i Nyhus 2001, 13), då den ikkje kan takast fram på oppfordring, og opplevast som ei form for umiddelbar erkjennelse eller intuisjon. I staden for ein bevisst beslutningsprosess, er det ei kjensle av at noko er riktig som er med på å avgjere eit val. Denne forma for hukommelse viser seg i litra grad å vere gjenstand for glemselfkurver. Sjølve læringa blir etablert utan bevisst innkoding av informasjon, og viser seg å vere lettast ved fråvær av bevisst merksemd på læringsbetingelsar. Den eksplisitte kunnskapen er derimot avhengig av bevisst merksemd mot læringsbetingelsane.

Ulike modular i hjerna vår utfører ulike oppgåver (Baddeley & Logie 1999, referert i Nyhus 2001, 13). Eitt område behandlar visuelle og spatiale informasjonar, eit anna behandlar aukustisk og verbal informasjon og eit tredje fungerar som koordinator. Alle områda baserer seg på tidlegare erfaringar eller kunnskap i hukommelsessistema våre. Eit individ hentar mykje av sin nye informasjon gjennom direkte merksemd. Dersom individet ikkje kan handle utan å nytte arbeidsminne, blir kapasiteten i arbeidsminnet for liten, og både merksemda og behandlinga av informasjonen blir avgrensa. I komplekse situasjonar blir informasjonsmengda fort for stor. Arbeidsoppgåvene blir for mange eller for komplekse. Arbeidsminnet blir avgrensinga i ein person sine evner til å løyse problem på ein effektiv måte. Derfor må intuisjonen ligge i evna til å oppfatte, lagre og hente informasjon på ein automatisert og ubevisst måte. Intuisjonen, opplevinga av å vite, oppstår ofte i form av ei kjensle.

2.2.1 Informasjonsprosesser

Det finnast mange teoriar om hukommelse, men det som er best utbredt er forklaringane som handlar om informasjonsprosesser (Ashcraft 2002; Hunt & Ellis 1999; Sternberg 1999, referert i Woolfolk 2006, 167). Informasjonsprosesser blir brukt når ein snakkar om menneskeleg hukommelse, og tidlege teoriar som anvendte omgrepene brukte datamaskina som modell. Den menneskelege hjerna tar, på same måte som datamaskina, inn informasjon, utfører operasjonar for å endre på form og innhald, lagrar informasjon, hentar informasjonen når den trengs, og genererer responsar på den.

Prosessering handlar om å samle inn informasjon, og organisere den i forhold til det ein allereie veit, å oppbevare informasjon, og å få tilgang til informasjonen når ein treng den (Woolfolk 2006, 167).. Dette systemet er styrt av kontrollprosesser som avgjer når og korleis informasjonen vil flyte gjennom systemet.



(Woolfolk 2006, 167, “5.1 Systemet for informasjonsbehandling”)

Ulike studier viser at det er ein samanheng mellom kognitive faktorar, taktiske kunnskapar og beslutningar i idrett (Moran 2012, referert i Gil-Arias et al. 2015, 635). Utøvarar har ein *kunnskapsbase* som gjer det mogleg for dei å lese kampsituasjonar og fatte beslutningar under kamp (Williams, Davids, & Williams 1999, referert i Gil-Arias et al. 2015, 636). Denne kunnskapsbasen som utøvarane har lagra i hukommelsen berører ei rekke kognitive prosessar som gjer at utøvaren kan velge respons. Informasjon og oppdateringar er lagra i utøvaren sin hukommelse som utgjer utøvaren sin kunnskapsbase (Magill 2007, referert i Gil-Arias et al. 2015, 636).

Vidare skal vi sjå på eit eksempel på korleis ein utøvar tileigner seg kunnskap i ein kampsituasjon, og lagrar den i sin kunnskapsbase. Artikkelen til Gil-Arias et al. handlar om volleyball, men det er naturleg å tenke at dette kan vere likt i fotball, då volleyball og fotball har fleire felles trekk.

I ein volleyballkamp prøvar utøvarane å forstå taktiske element og korleis kampforløpet utviklar seg, som kan bestemme sportsleg suksess. Eksempel på slike taktiske element kan vere posisjonering av lag, offensive og defensive mønster og tidlegare kampar. Eksempel på kampforløp kan vere stillinga og motstandar (Szade & Szade 2005, referert i Gil-Arias et al. 2015, 635).

I ein kognitiv prosess har ein interne og eksterne referanserammer. I fotball vil den interne referanseramma kunne vere spelaren sitt fysiske og biologiske grunnlag. Den eksterne referanseramma kan vere kva som skjer i spelet, eksempelvis posisjonering, motstandarar og ball (Araújo et al. 2006, referert i Araújo 2013, 3).

Kunnskap som blir lagra i minnet påverkar beslutningsprosessen slik at dess større og meir variert taktisk kunnskap ein spelar har, dess betre blir beslutningsprosessen. Som ein konsekvens av dette blir sportskompetansen til ein spelar betre (Nielsen & McPherson 2001; Starkes, Helsen, & Jack 2001, referert i Gil-Arias et al. 2015, 636).

Etter kvart som kunnskapen aukar, er det to typar kunnskap som utviklar seg i langtidsminnet. Desse er “action plan profiles” og “current event profiles”. Action plan profiles (heretter kalt “handlingsprofil”), er kognitive ferdigheiter som gir eit overblikk over noverande situasjon, for å ta ei mest mogleg nøyaktig avgjerdsløsning. Ein slik noverande situasjon kan vere posisjonering av motstandar, motstandar sitt bevegelsesmønster og liknande. Current event profiles (heretter kalt “aktuell hendelsesprofil”) er definert som eit meir kontekstbasert taktisk guide. Denne guiden er til hjelp for oppbygging av forståelse og konstante oppdateringar og viktige element under ein kamp. Denne kunnskapen er basert på tidlegare konkurransar og erfaringar. Eksempel på slike forståingar eller oppdateringar under kamp kan vere utvikling av motstandaren sine styrker og svakheiter (McPherson 2008, referert i Gil-Arias 2015, 636).

Både handlingsprofil og aktuell hendelsesprofil blir brukt til å prosessere viktig informasjon rundt konkurrancesituasjonen, velge ein respons og tilpasse seg ei teknisk utføring under konkurransen. Dess betre utvikla desse kunnskapsprofilane er, dess betre moglegheit har spelarane til å hente ut relevant informasjon, og bruke denne til å fatte beslutningar og justeringar undervegs i konkurransen (McPherson & Kernodle 2007, referert i Gil-Arias 2015, 636).

Ulike studier viser at det tar mange år å utvikle begge desse kunnskapsprofilane som er lagra i langtidsminnet. Dette kjem av at det er små einingar av informasjon og strategiar som utgjer kunnskapsprofilane. For eksempel konkurransenivå, trening, type sport,

utøvaren sitt talent og kor mange år ein har drive med sporten (McPherson & MacMahon 2008, referert i Gil-Arias 2015, 636).

3.0 Metode

3.1 Samfunnsvitskapleg forskingsmetode

«En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap ...» (Wilhelm Aubert 1985, 196, referert i Dalland 2015, 111). Metoden fortel oss noko om korleis vi bør gå fram for å skaffe eller teste kunnskap. Den er reiskapen vår i møte med det vi vil undersøke, og vår hjelp til å samle inn relevant data (112). *Data* i denne samanheng er den informasjonen vi treng for å gjennomføre undersøkinga vår.

Når ein skal forske på det som skjer i idretten, nyttar ein samfunnsvitskapelege forskingsmetodar (Christoffersen & Johannessen 2012, 16). Dette kjem av at idrett inngår som ein stor del av samfunnet, og består av kommuniserande og tolkande menneske. Samfunnsforskinga sitt studiefelt er menneske, i motsetnad til naturvitenskapen som studerer fenomen utan språk og evne til å forstå seg sjølv og omgjevnadane (Johannessen, Tufte & Christoffersen 2016, 27). Menneska har meiningar og oppfatningar om både seg sjølv og andre.

Det er viktig at ein tenker over korleis ein skal gå fram for å innhente informasjon om den sosiale verkelegheita. Det bør dokumenterast grundig og systematisk for å seinare kunne analyserast (Christoffersen & Johannessen 2012, 16).

Når ein jobbar med samfunnsforsking dukkar det raskt opp eit skilje mellom kvantitativ og kvalitativ metode (Christoffersen og Johannessen 2012, 17). Hovudskilnaden mellom dei to metodane ligg i grad av fleksibilitet. Kvantitativ metode er stort sett lite fleksibel, medan kvalitativ metode ofte er meir fleksibel. Sjølv om ein gjerne skil mellom desse to metodane, betyr ikkje det at samfunnsforsking anten er kvantitativ eller kvalitativ. Det er ulike grader av kor kvantitativ eller kvalitativ forskinga er, og nokre gongar kombinerer ein gjerne dei to metodane i same undersøking.

Kvantitativ metode blir gjerne kjenneteikna ved spørjeskjema eller liknande, der deltakarane blir stilt identiske spørsmål i bestemt rekkefølge, og svaralternativa er oppgitt

på førehand (Christoffersen & Johannessen 2012, 17). Denne metoden eignar seg godt dersom ein er ute etter for eksempel gjennomsnitt eller prosentdel, då den gir data i form av målbare einingar (Dalland 2015, 112).

Vidare vil eg greie ut om kvalitativ metode, då det er denne metoden som er formålstenleg for meg og mi oppgåve.

3.1.1 Kvalitativ metode

Som nemnt tidlegare er kvalitativ metode meir fleksibel enn kvantitativ metode. Det inneber at det er større grad av spontanitet og tilpassing i samhandlinga mellom forskar og deltakar (Christoffersen og Johannessen 2012, 17). Denne metoden innehår ofte opne spørsmål der deltakaren står fritt til å svare med eigne ord. Samtidig kan forskaren tilpasse spørsmåla og stille nye spørsmål undervegs. Denne metoden tek utgangspunkt i å fange opp meininger eller opplevingar som ikkje lar seg talfeste (Dalland 2015, 112). Kvalitativ forsking har som mål å utvikle forståing for den sosiale verkelegheita som er knytt til personar og deira situasjon (Dalen 2013, 15).

3.1.1.1 Kvalitativt forskingsintervju

«Samtalen er det viktigste redskapet du har i arbeidet med andre mennesker» (Dalland 2015, 151). Når ein går inn i ein samtale tek ein i bruk alle sine menneskelege og faglege ressursar. Det betyr at ein tek vare på det som blir sagt, sikrar seg mot misforståingar og forstår kva det som blir sagt betyr for den ein snakkar med. Ein må også tenke over korleis ein sjølv skal snakke for å bli forstått. I eit intervju er dei same dimensjonane som i samtalen med, men det kjem fram at det er forskaren som tek kontakt for å gjennomføre intervjet, og som stiller spørsmål og definerer kva intervjet skal handle om.

Eit kvalitativt intervju kan vere meir eller mindre strukturert (Larsen 2017, 99). Eit strukturert intervju har ofte ei liste med ferdige spørsmål som informanten skal svare på. Eit ustrukturert intervju har ikkje ferdige spørsmål på førehand, men gjerne stikkord for å

halde ein raud tråd. Graden av struktur i eit intervju avhenger av problemstilling, kapasitet og kva forskaren ynskjer informasjon om. Ein viss grad av strukturering gjer det enklare å samanlikne svar i etterkant, men kan samtidig føre til at ein mister relevant informasjon.

3.1.2 Oppsummering

I denne oppgåva nyttar eg meg av ein samfunnsvitskapleg forskingsmetode. For meg var det formålstenleg å velge kvalitativt intervju som metode for forskinga mi. Dette kjem av at kvalitativ metode er fleksibel, og har større grad av spontanitet. Dette fører til at eg undervegs i intervjeta kunne tilpasse spørsmåla til informantane mine, og fange opp meningar eller opplevingar som kanskje hadde gått tapt dersom eg hadde nytta meg av ein annan metode.

3.2 Informantar

Ved kvalitative intervju vel ein ut informantar ved *strategisk utveljing* (Christoffersen & Johannessen 2012, 50). Som forskar må ein tenke gjennom kva for målgruppe som skal delta i forskinga for at ein skal få samla inn nødvendig data. Det finnast ulike måtar å setje saman eit slikt strategisk utval på. Det utvalet som passa best for forskinga mi var seks spelarar i ulike aldersgrupper og posisjonar, og hovudtrenar i FC Midtjylland. Dette kjem av at eg ville samanlikne hovudtrenar sine mål og oppfattingar av videofeedback med spelarane sine opplevde effektar og erfaringar. Når ein har bestemt seg for utvalsstrategi, må ein setje i gong med å rekruttere informantar (Christoffersen & Johannessen 2012, 52). Eg har sjølv tatt direkte kontakt med både hovudtrenar og dei ulike spelane for å rekruttere desse til intervju.

Spelarane som eg har rekruttert til intervju har eg delt inn i tre aldersgrupper, med to spelarar i kvar gruppe:

Unge spelarar	18-22 år
Erfarne spelarar	23-28 år
Aldrande spelarar	28+ år

Dette har eg gjort for å sjå på om det kan vere forskjellar på unge og eldre spelarar. Eg har valt å utelate keeperar i dette prosjektet.

3.3 Planlegging og gjennomføring av intervju

Før eg starta arbeidet med å finne informantar og gjennomføre intervju, sette eg meg ned og utforma to intervjuguidar - ein til spelarane og ein til hovudtrenar (sjå vedlegg 1 & 2). Desse skulle vere til støtte for meg gjennom intervjeta. Eg valde å utforme guidane som eit semistrukturert intervju slik at det låg til rette for størst mogleg grad av fleksibilitet, samtidig som eg ville sikre at eg fekk svar på det eg i utgangspunktet lurt på (Larsen 2017, 99). Dette var formålstenleg sidan eg var ute etter informantane sine tankar og refleksjonar, noko som gjerne kan gå tapt dersom det er fastlagt ein fast struktur i førekant av intervjet. Gjennom å leggje opp til ein slik struktur var eg også fleksibel når det kom til informantane sitt initiativ til å ta opp tema og kome med utdjupingar.

Spørsmåla i intervjuguidane er knytt til individuell prestasjonsfeedback med hjelp av video. Det er litt forskjell i utforminga av spørsmåla til spelarane og hovudtrenar. Dette kjem av at eg er ute etter å finne ut av den opplevde effekten, samt erfaringar frå spelarane, medan eg vil finne ut av kva trenaren sitt mål er med individuell prestasjonsfeedback med hjelp av video.

I møte med dei ulike informantane mine, brukte eg intervjuguidane som «mal» for samtalens vår. Undervegs kom eg med oppfølgingsspørsmål til informantane, og saman diskuterte vi dei ulike spørsmåla. Halvparten av intervju vart gjennomført med informanten til stades, men på grunn av Covid-19 blei resten av intervju gjort over telefon.

3.4 Transkribering og dataanalyse

Når ein tek lydopptak av intervjet sikrar ein seg at ein får med seg alt som vert sagt (Larsen 2017, 110). Dette lydopptaket må i etterkant transkriberast, det vil seie å skrive om samtalens til tekst, for å sikre anonymitet for informantane. Transkribering av eit intervju er

tidkrevjande og omfattande arbeid. Når transkriberinga er gjennomført, må lydopptaket slettast, då det berre er til dette føremålet at lydopptaket skal brukast. Dataanalyse handlar om å studere teksten for å sjå mønster og samanhengar (Larsen 2017, 113). I denne fasen reduserer ein datamengda og slettar det som ikkje er relevant for problemstillinga.

All forståing vi har for ulike fenomen er bestemt av ei førforståing eller ein forståingshorisont (Wormnæs 1996, referert i Dalen 2013, 16). Dette inneber ulike meningar og oppfatningar som vi har på førehand i forhold til det fenomenet som vi studerer. I møte med informantar og innsamla datamateriale vil forskaren alltid stille med ei førforståing. Det viktige i ein slik situasjon blir å trekke førforståinga si inn på ein slik måte at den er med på å opne opp for størst mogleg forståing av informantane sine opplevingar og uttalar.

Med førforståing meinast det ikkje at vi ikkje oppfattar i verkelegheita berre gjennom sansane våre (Thurén 2009, 66). Det som står fram som reine sanseintrykk, inneheld i verkelegheita ein god porsjon tolking. Førforståing kan lede oss ut på ville vegar, men det er dermed ikkje sagt at det er gale å ha førforståing (68). Vi kan nemleg ikkje forstå noko som helst utan førforståing.

Informanten sine utsegn og utgreiingar om tema må tolkast av forskaren i ein intervjustituasjon (Dalen 2013, 17). Denne tolkinga byggjer på informanten sine uttalar, men blir vidareutvikla i dialog mellom forskaren og empirisk datamateriale. Forskaren si førforståing og aktuell teori om tema vil påverke tolkinga. Ei slik forståing går gjennom fleire ledd, frå ei reint skildrande forståing av det informanten konkret seier, via ei fortolkande forståing av kva som eigentleg er meint med ei uttale, til ei meir teoretisk forståing av det tema som blir studert.

Undervegs i prosessen opplevde eg det som positivt å nytte meg av lydopptak av intervju mine. Sjølv om transkriberinga i etterkant tok tid, fekk eg sikra meg at eg fekk med meg alt som vart sagt i dei ulike intervjuia, då eg kunne høre gjennom lydopptaket fleire gongar. Undervegs i intervjuia såg eg på det som positivt fordi eg kunne konsentrere meg om å stille oppfølgingsspørsmål til informantane med ein gong, i staden for å bruke tid og konsentrasjon på notasjon. Eg har ikkje opplevd det som ein ulempe med den førforståinga eg hadde for tematikken. Eg var nøydd til å ha ein del forståing for fotball og bruk av

video i prestasjonsfeedback før eg kunne setje i gong med å samle inn data for å kunne svare på problemstillinga mi.

3.5 Etiske aspekt

3.5.1 Reliabilitet

Ordet *reliabilitet* kjem frå det engelske *reliability* som kan omsetjast til *pålitelegheit* (Christoffersen & Johannessen 2012, 23). Det dreier seg om kor nøyaktig forskinga sin data er. Ein ser på kva for data som blir brukt, og på korleis dei er samla inn og bearbeida. Dette betyr at dei ulike ledda i prosessen må vere frie for unøyaktigheiter (Dalland 2015, 120).

Ei mogleg feilkjelde i bruk av intervju som metode ligg i sjølve kommunikasjonsprosessen (Dalland 2015, 120). Her er det mange ulike faktorar å tenke over; mellom anna om spørsmålet blir oppfatta riktig av informanten, om forskaren forstår svaret riktig og om notasjonen er riktig. Pålitelegheita blir redusert dersom det oppstår misforståingar av spørsmål eller svar, eller dersom notasjonen er unøyaktig.

Reliabilitet kan bli oppfatta som eit lite eigna omgrep innanfor kvalitativ forsking (Dalen 2013, 93). Dette kjem av at det blir vanskeleg å stille krav om at framgangsmåten skal kunne etterprøvast nøyaktig av andre forskrarar, i motsetnad til i kvantitative undersøkingar. Grunnen til at det blir vanskeleg å stille eit slikt krav er at forskaren si rolle er ein viktig faktor, og at rolla blir utforma i samspel med informanten og den aktuelle situasjonen.

Det ein derimot kan gjere er å vere veldig nøyaktig i skildringa av kvart enkelt ledd i forskingsprosessen (Dalen 2013, 93). Ei slik skildring må omfatte forhold ved forskaren, informantane og intervju-situasjonen i tillegg til opplysingar om kva for analytiske metodar som er nytta under handsaminga av datamaterialet. Ved å gjøre det kan ein annan forskar i prinsippet ta på seg dei same «forskningsbrillene» ved ei tenkt gjennomføring av det aktuelle prosjektet. Ein annan måte å sikre høg reliabilitet på er å halde orden på intervjudata (Larsen 2017, 95). Slik unngår ein å for eksempel blande saman kven som har sagt kva.

Undervegs i intervjuua passa eg heile tida på at informantane oppfatta dei ulike spørsmåla riktig. Sidan eg og intervjuobjekta ikkje har same morsmål blei det viktig å passe på at alle forstod spørsmåla til ein kvar tid. I tillegg til dette, er også lydopptaket med på å styrke pålitelegheita i undersøkinga, i og med at eg unngjekk feil i notasjonar undeveg. Eg har også vore så nøyaktig som mogleg i skildringa av dei ulike ledda i prosessen, utan at det går ut over anonymiteten til informantane mine. I teorien skal derfor ein annan forskar kunne gjennomføre same undersøking som eg har gjort. Heilt til sist har eg heile vegen passa på å halde god orden i det innsamla datamaterialet for å unngå å blande saman kva for utsegn som har kome frå dei ulike informantane.

3.5.2 Validitet

Validitet, av det engelske *validity*, betyr *gyldighet* (Christoffersen & Johannessen 2012, 24). Her handlar det om kor godt data representerer det tema som blir forska på. For å kunne drøfte validiteten av dei datainnsamlingsmetodane som er valt, er det grunnleggjande at dei er tilpassa måla til den aktuelle undersøkinga, problemstilling og teoretisk forankring (Dalen 2013, 96). Forskaren spelar ei sentral rolle i ei intervjuundersøking og inngår som ein aktør i analyse- og tolkingsprosessen.

Validiteten i eit datamateriale blir styrka ved at den som intervjuar stiller gode spørsmål som fører til at informanten får anledning til å komme med innhaldsrike og fyldige uttalar (Dalen 2013, 97). Det er informanten sine eigne ord, uttalar og forteljingar som utgjer hovudvekta av det materialet som dannar grunnlaget for tolking og analyse.

Det kan vere enklare å sikre høg kvalitet i kvalitative undersøkingar enn i kvantitative undersøkingar (Larsen 2017, 94). Gjennom for eksempel intervju kan ein føreta justeringar undeveg. Når informantane får snakke relativt fritt og ta opp ting som dei sjølv ser på som viktige, kan viktig informasjon og forklaringsmåtar kome fram.

Eit anna moment som kan vere med på å styrke validiteten i ei undersøking er å vere kritisk i forskingsprosessen (Larsen 2017, 94). Det er viktig å tenke gjennom om ein har grunnlag ut ifrå datagrunnlaget for å trekke dei sluttningane ein gjer.

Undevegs i intervjuua mine, hadde informantane gode moglegheiter til å kome med innhaldsrike uttalar, i og med at intervjuguiden inneheldt relativt opne spørsmål, samtidig

som eg kunne stille oppfølgingsspørsmål undervegs for å sikre meg mot misforståingar, både frå mi og informantane si side.

3.5.3 Etisk og juridisk ansvar

Når ein driv med forsking, må ein overhalde både etiske prinsipp og juridiske retningslinjer (Johannessen, Tufte & Christoffersen 2016, 83). Etikk handlar om prinsipp, reglar og retningslinjer for om handlingar er rett eller gale. Fortrinnsvist dreiar det seg om relasjonen mellom menneske, og spørsmålet om kva vi kan, og ikkje kan, gjere mot kvarandre. Innanfor forsking inneber dette at ein som forskar må tenke over kva for tema som kan drøftast utan at det får etisk uforsvarlege konsekvensar (85).

3.5.3.1 Juridiske retningslinjer

Når ein samlar inn og behandlar personopplysingar må ein vurdere om det inneber meldeplikt, og eventuelt konsesjonsplikt (Johannessen, Tufte & Christoffersen 2016, 88). Opplysingar og vurderingar som gjer det mogleg å identifisere enkelpersonar blir omtala som *personopplysingar*. Eksempel på personopplysingar kan vere namn, personnummer, kjønn, alder og så vidare. Dersom desse opplysingane blir registrert, anten heilt eller delvis, ved hjelp av elektroniske hjelpemiddel er prosjektet melde- eller konsesjonspliktig.

Eit prosjekt kan vere underlagt *meldeplikt* dersom personopplysingane oppfyller ei rekke vilkår (Johannessen, Tufte & Christoffersen 2016, 89). Desse vilkåra går ut på at den fyrste kontakta blir oppretta på grunnlag av anten offentleg tilgjengelege register, eller gjennom ein fagleg ansvarleg person ved verksemda der informanten er registrert, at informanten har samtykka i alle delar av undersøkinga, at prosjektet blir avslutta på eit tidspunkt som er fastsett på førehand og at det innsamla datamaterialet blir anonymisert eller sletta ved prosjektslutt.

Før eg sette i gong med å innhente informantar, meldte eg prosjektet mitt inn til NSD, og fekk godkjenning frå dei (sjå vedlegg 3). Dette kom av at eg skulle opprette fyrste kontakt direkte med spelarane og hovudtrenar, og innhente samtykke frå informantane, samt opplyse om prosjektslutt og at datamaterialet ville bli anonymisert i oppgåva Eg vurderte

det dit hen at opplysingane ikkje var underlagt konsesjonsplikt sidan eg ikkje skulle innhente sensitive opplysingar, og enkeltpersonar ikkje kunne identifiserast i oppgåva mi.

3.5.3.2 Samtykke

For deltaking i undersøkingar stiller personopplysingslova krav til samtykke dersom enkeltpersonar kan identifiserast (Johannessen, Tufte & Christoffersen 2016, 91). Dette samtykket skal vere ei frivillig, presist og informert erklæring om at informanten godtek behandling av opplysingar om seg sjølv. Dette inneber at informanten har fått naudsynte opplysingar om undersøkinga. Samtykket kan skje munnleg eller skriftleg, anten elektronisk eller på papir. Det skal kome klart og tydeleg fram at informanten samtykker, kva for behandlingar eit eventuelt samtykke omfattar og kven samtykket rettast til.

Før eg kontakta informantane mine utforma eg eit felles informasjonsskriv (sjå vedlegg 4). Informasjonsskrivet inneheldt dei nødvendige opplysingane som informantane mine trengde for å vite kva dei eventuelt takka ja til. Nederst på informasjonsskrivet var det eit samtykkeskjema som informantane signerte på dersom dei ville delta i undersøkinga mi.

Informanten skal til ei kvar tid ha moglegheit til å trekke sitt samtykke utan at det skal kjennes ubehageleg eller få negative konsekvensar (Johannessen, Tufte & Christoffersen 2016, 86). Informanten skal også vere trygg på at hen ikkje skal kunne identifiserast. Hen skal også ha rett til å bestemme kva hen vil dele av informasjon, og samtidig kunne kontrollere kva for informasjon som blir gjort tilgjengeleg for andre.

3.5.3.3 Teieplikt og anonymitet

Når ein som informant deltek i eit slikt prosjekt, skal ein kunne delta og vite at det ikkje blir publisert informasjon som kan tilbakeførast til dei (Johannessen, Tufte & Christoffersen 2016, 91). Forvaltningslova seier at all informasjon som kan tilbakeførast til enkeltpersonar er teiepliktsbelagt. Når prosjektet inneheld personopplysingar, skal desse bli formidla i anonymisert form. Det er viktig at informasjonen som er samla inn gjennom undersøkingar ikkje blir brukt i andre samanhengar anna enn det formålet som data er samla inn for.

4.0 Funn

4.1 Trenaren sine tankar og mål

4.1.1 Kva er ditt mål med individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video til spelarane?

Sjølve målet med klippa er å bevisstgjere spelarane på deira eigen prestasjon ut ifrå eit fotballperspektiv. Primært på den taktiske delen, men også teknisk. Eg trur at spelarane som er i klubben vår er så teknisk gode at det ikkje er det viktigaste, men det er klart at det kan vere nokre treningar og kampar kor fokuset er på noko teknisk for eksempel førstetouch eller avslutningsferdigheitar. Så det har selvfølgelig ei rolle i det tekniske aspektet, men det er primært for det taktiske. Her ser vi på både spelaranes individuelle posisjon og lagets taktiske perspektiv. I bunn og grunn er dei ein god måte til å bevissgjere spelarane på si eiga rolle ut ifrå den taktiske måten laget spelar fotball på.

4.1.2 Korleis opplever du effekten på spelarane kvar for seg?

Det er vanskelig å vete kor stor effekten er. Det blir jo noko subjektivt. Då må det for eksempel vere at min subjektive oppfatning er at ein spelar har utvikla sine taktiske ferdigheitar. Det er vanskelig å seie om den utviklinga så kjem av individuelle klipp eller fra treningar, men eg trur at mange av spelarane forstår bedre individuelle klipp. Eg trur det har ein effekt. Spørsmålet er jo kor stor effekten er og om det varierar frå spelar til spelar, men eg er ikkje i tvil om at det har ein effekt.

4.1.3 Korleis opplev du effekten på laget samla sett?

Eg trur og føler det har en effekt, men det kan vere at eg er naiv. Eg veit at spelarane ser andre ting enn kva vi som trenrar gjer, men eg trur at det blir enklare for spelarane å vere bevisste på det som skjer. Dermed trur eg at det blir lettare for dei å forstå kor vi vil som et

lag når eg kan vise bilder av det i motsetning til å berre prate om det. Her får spelarane ein mulighet til å sjå på bilda og komme tettare på det. Eg trur at når vi blir enda betre og får involvert spelarane enda meir, desto større blir effekten.

4.1.4 Kor ofte ønsker du at spelarane skal sjå på video av eigne prestasjonar?

Som utgangspunkt før og etter kamp. Det er som et utgangspunkt, men så veit eg jo at det er nokre spelarar som vil sjå video iløpet av veka også. Det er jo noko som eg syns er heilt flott. Det er tross alt det gode med vår måte å gjere det på i klubben. Vi filmar alle treningar og alle treningar er tilgjengelige inkludert spelarane sine enkeltprestasjonar. Spelarane har iallefall muligheten til å ha feedback på treningane. Det viktigaste for meg er at dei forstår korleis dei skal bruke bildene på en god måte. Det er eit redskap til å bli bedre og ikkje eit redskap til å heile tida fortelle dei kva dei gjer feil. Eg meinat at det er viktigare å fortelle dei kva dei er gode til og kva dei skal utvikle seg sjølv på enn å fortelle dei kva dei gjer feil. Eksempelvis kan det vere eit feedbackredskap til å hjelpe ein angripar å forstå når han skal avslutte i langhjørnet og når han skal velge korthjørnet.

4.1.5 Kor ofte trur du spelarane ser på video sjølv?

Fyrst og fremst trur eg det er veldig individuelt, men eg trur at dei fleste ser sine eigne videoar etter kvar kamp. Spesielt dei som startar kampen, men at det kanskje er 2-3 stykk som ikkje ser.

4.1.6 Er det nokon posisjonar eller aldersgrupper du føler at video har større effekt på enn andre?

Eg trur som utgangspunkt at jo eldre ein blir, jo mindre video har ein bruk for å sjå. Då har ein opparbeida seg ei viss form for erfaring. Det er dermed ikkje sagt at ein ikkje kan lære noko sjølv om ein blir eldre, men eg trur tilgangen til det er annerledes. Derfor trur eg ofte at dei yngre spelarane har stor effekt av dette redskapet. Jo eldre ein blir, er der andre

parameter som spelar inn for deg. Der trur eg video blir brukt i mindre grad. Det vil alltid vere personlege preferansar, og nokon som brukar det meir enn andre. Eg trur dei yngre spelarane har større effekt, og at dei vil sjå meir på video. Dei er vokst opp med video frå U13 og oppover, og kjenner det betre. Når det kjem til posisjonar trur eg at det ikkje utgjer nokon forskjell på laget sin taktikk samla sett. Individuelt sett trur eg det utgjer ein forskjell på posisjonar, men som utgangspunkt bør der ikkje vere forskjell på det. Eg trur også det spelar ei rolle kva for læringsdetaljar det er. Det er stor forskjell på negativ læringsdetaljar og positiv læringsdetaljar. Forsvarsspelarar er generelt sett meir negative og legg merke til feila sine, før dei ser kva som var bra. Offensive spelarar er gjerne motsett. Dei tenker ikkje så mykje over kva dei gjer feil. Dei er meir opptatt av mål og assist.

4.2 Spelarane sine opplevelser og erfaringar

4.2.1 Opplevelsen av individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video

Her fikk spelarane spørsmål om korleis dei opplever individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video og kor ofte dei ser på individuell video for seg sjølv og kor ofte dei ser med ein trenar. Dei fikk også spørsmålet om kor ofte dei kunne ønska seg å sjå individuelle klipp med ein trenar.

På spørsmålet om korleis dei opplever individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video svarar spelarane slik.

S1:

Generelt er det positivt. Eg syns det er litt meir trykk bak orda til trenaren når han gir feedback dersom han også har video å vise fram. Det hjelpt ein spelar å forstå kva trenaren sine tankar og idear er. For det meste syns eg det er positivt å bruke video med eit individuelt fokus på feedback. Det er også mange spelarar som syns det visuelle er betre når ein kommuniserer framfor å berre bruke ord.

S3:

Eg syns det er bra. På eitt vis får ein eit overblikk. Det finnast så mange klipp frå ein og same kamp, og dersom ein ser på fleire kamper kan ein sjå eit mønster. Det føler i all fall eg, gjennom eit mønster med meg og medspelarane mine. Eg ser

kva eg sjølv kan gjer i ulike situasjonar, og slik kan eg utvikle spelet mitt når eg havnar i situasjonar på bana. Det gjer at eg kan, kanskje ikkje på automatikk, sjå på motstandaren og sjå korleis dei spelar og kjenne meg igjen.

S6:

Eg syns det er eit fantastisk verkemiddel. Det har vore til stor hjelp for meg i utviklinga mi. Eg har forbetra spelet mitt i alle aspekt ved hjelp av video.

På spørsmål om kor ofte spelarane ser på individuelle klipp aleine er det ein del ulike svar, men alle ser video i ein eller anna form ein gong i veka.

S4:

Det gjer eg etter kvar kamp eg har spelt.

S3:

Det varierer, men i all fall ein gong i veka. Nokre gongar to, men aldri meir enn to gonger i veka.

S6:

Eg ser ein del på video. Kanskje 2-3 gongar i veka.

Kor ofte spelarane ser på individuelle klipp med ein trenar varierar veldig. Vi kan sjå at det er ein tydeleg forskjell mellom aldersgruppene her. Dei unge spelarane ser meir video med trenrarar enn kva ein eldre spelar gjer.

S1:

Det er svært sjeldan. I denne klubben er det kanskje 2 til 3 gongar i året. På landslaget har vi alltid nokre klipp som vi ser saman med ein trenar den fyrste dagen på samling. I desse klippa går vi gjennom dei to siste kampane våre. Der får vi sendt klippa rundt på mail, og vi må sjå gjennom dei før vi møtest på landslaget, der vi har eit møte med trenar. Der går vi gjennom det offensive og defensive frå dei to siste kampane. Med landslaget ser eg på klipp med ein trenar éin gong per samling.

S5:

Sånn som det er no så er det nok 2-4 gongar i sesongen.

S3:

Annankvar veke trur eg.

S6:

Eg ser video med ein trenar etter kvar kamp. Så det blir ca. ein gong i veka.

Når spelarane blei spurta om kor ofte dei kunne ønske seg å sjå individuelle klipp saman med ein trenar ser ein også ein forskjell mellom unge og eldre spelarar.

S4:

Eg syns faktisk det fungerer svært godt slik det er no. Så det å sjå klipp med ein trenar etter kvar kamp passar fint hvor meg.

S3:

Det varierer litt også, men i all fall ein gong kvar andre veke. Nokre gongar ein gong i veka. Så nokre gongar kunne eg ha ønska meg å sjå meir video med ein trenar enn det eg gjer til vanleg.

S5:

Det er nok sånn som det er no.

S1:

Eg har ingenting imot å sjå ein video ein gong i veka. Så lenge feedbacken er konstruktiv og at ein som trenar ikkje går inn og blir for pedantisk, og kan halde ein god tone når ein diskuterer. Eg trur den yngre generasjonen med fotballspelarar skal få sjå fleire positive klipp enn negative klipp. Ellers kan det vere mange som blir sure og negative. Eg syns godt at ein kan sette seg ned med ein trenar ein gong i veka og gå gjennom 3-4 klipp og snakke og utvikle fotballintelligenten.

Sjølv om dei fleste spelarane er fornøgde med kor ofte dei ser video med ein trenar ser vi ein tendens til at nokre kunne ønske seg å sjå meir video med trenarar. Det er ingen som svarar at dei helst vil sjå mindre video med ein trenar enn det dei gjer i dag.

4.2.2 Effekt

Spelarane blei spurt korleis dei opplever effekten av individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video. Både effekten som enkeltpelar og effekten for heile laget. Dei blei også spurt kva type videoar dei føler har størst effekt på seg sjølv og si eiga læring.

Alle spelarane svarar at individuell prestasjonsfeedback har ein effekt for dei som spelar. Her er nokre eksempel på kva dei svarar.

S4:

Ja, det føler eg. Fordi ein kjem ned i dei små detaljane og kan sjå det om og om igjen, og sjå kva ein burde gjere annleis.

S3:

Ja, det føler eg. Eg føler det gjer meg til ein betre spelar, og kan ikkje sei noko negativt om å bruke video som prestasjonsfeedback.

På spørsmål om spelarane føler at det har ein effekt for laget som heilheit er dei også positive. Sjølv om alle trur det har ein form for effekt er det litt vanskelegare å måle. Dette er noko ein ser igjen i svara.

S2:

Ja, det syns eg også. Det sprer jo seg, så om eg ser klippa mine individuelt, sprer det seg som ringar i vatnet med at eg er meir merksam på situasjonen, noko som gjer at eg kan vere ei betre utgåve Så om den neste gjer det, og den tredje og den fjerde, står vi alle saman betre som lag i ettertid. Det kan også gjerast som at forsvarskjeda, midtbaneleddet og angrepsskjeda ser nokre klipp saman med trenar. Då vil dei også stå i ein betre posisjon sidan dei aukar relasjonane sine innbyrdes.

S3:

Ja, det trur eg. Eg trur ein forstår kvarandre betre dersom alle ser på klipp.

S6:

Det er vanskeleg å seie, men eg trur at dersom ein sjølv forbetrar seg, så forbetrar laget seg også. Så eg vil eigentleg seie at det har ein effekt for heile laget.

Når spelarane blei spurt kva type videoar dei meinar har størst effekt for seg sjølv og eiga læring var svara meir ulike. Med type videoar skiller eg mellom individuelle videoar og videoar av heile laget. Spelarane som foretrakk individuelle videoar blei også spurt om dei likte best å sjå videoar av eigne posisjoneringar uten ball eller involveringar med ball.

S1:

Det er jo eit spørsmål som går litt på kva type person ein er. Eg kan godt like når vi ser på laget som heilskap, for eg har ganske god kontroll på kva for situasjonar eg var god i, og kvar eg var dårlig. Eg likar godt pre-match der ein gjennomgår motstandaren og ser på dei offensive og defensive situasjonane. Der ser vi kvar moglegheitene våre ligg. Det syns eg er mest givande. For eksempel å sjå klipp frå motstandaren sine siste kampar og finne opningar, men det handlar jo også om kva for ein type spelar ein er. Eg tenker at ein ung spelar kanskje heller vil sjå klipp av seg sjølv.

S3:

Heilt klart når eg sjølv ser på video. Når eg ser video syns eg ikkje det er så stor forskjell om eg ser på involveringar eller posisjoneringar defensivt. Eg kan godt like begge.

S5:

Det er eit vanskeleg spørsmål. Eg syns for min eigen del at individuelle klipp er mest brukbart til å halde seg skarp på beslutningar, men også for sjølvtillet. Det kan vere bra å sjå seg sjølv, og sjå korleis det faktisk var. Eg trur at eg ofte har ein tendens til å vere meir kritisk til meg sjølv enn eg eigentleg treng. Der kan video vere med på å fortelle at det for eksempel var umogleg å slå den pasninga, eller at det var ei god retning. I forhold til læring trur eg det med relasjonar er viktig. Spesielt når ein skiftar klubb og skal spele med nye spelarar. Då trur eg det er

viktig at trenaren viser nokre klipp av korleis dei andre kan spele meg god, og korleis dei skal spele for at min kompetanse skal kome til nytte. Der har eg ein følelse av at dei gongane det blir gjennomgått saman med heile laget, får ein eit godt bilet av både presspel og med ball korleis ein skal bruke kvarandre. Det har hatt ei stor effekt, det hjelper medspelarane til å forstå kvar for ein type spelar eg er. Det kan jo vere fordi eg ikkje har nokre veldig utlysande styrker, det er kanskje ikkje like nødvendig med en stor spiss der ein lettare ser kva for typar styrker denne spelaren har.

S2:

Eg trur nok det er individuelt. Sjølv sagt er det også ein taktisk forståelse ein treng, men dersom ein har den som et fundament trur eg det er dei individuelle klippa som kan hjelpe deg vidare. Dersom ein ikkje har fundamentet av ein taktisk forståelse, trur eg det er viktig at ein kan sjå laget sin taktikk og lære det, og korleis ein skal presse og posisjonere seg. Så eg syns jo det individuelle er viktig. Startar ein med det, tek ein ansvar for seg sjølv og gjer seg sjølv til den beste utgåva slik at ein kan bidra til laget.

4.2.3 Tilrettelegging og tilgang

Her spurte eg spelarane om dei er tilfredse med tilrettelegginga av video reint praktisk og om dei er tilfreds med tilgangen på video, det kan vere både mengde video og kvalitet på video.

Her er alle spelarane positive i svara sine på begge spørsmåla. Det mest kritiske nokon av spelarane var til dette var S1 sitt svar.

S1:

Eg syns det er ganske tilfredsstillande. Eg syns ikkje alltid at det praktiske er 100%. Eg brukar både Hudl og InStat, der Hudl er meir lagbasert, og ein ser heile bana, medan InStat er litt meir retta mot det personlege. Eg syns det er fint. Det handlar jo også om ressursar. Eg syns godt ein kan bruke meir av det i kvardagen, men eg forstår også at trenarane ikkje alltid har tid.

Dei andre var veldig positive, og nokre av desse svarte følgjande:

S6:

Ja, absolutt!

S4:

Ja. 100%! Eg syns det er alle klipp og det er faen meg godt. Den måten det blir gjort på er også god.

S3:

Ja, det er eg. Eg syns det fungerer fint med den appen vi har.

Det er ingen tvil om at spelarane er tilfredse med måten det blir tilrettelagt for individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video i klubben. Dei er svært fornøgde med både det praktiske samt mengden og kvaliteten på video.

4.2.4 Karriere og video

Her spurte eg spelarane om dei ser meir eller mindre video på sitt noverande tidspunkt i karriera samanlikna med kva dei gjorde tidlegare. I tillegg blei spelarane spurt om dei har spelt for andre klubbar i karriera si og om dei såg meir eller mindre video i sine tidlegare klubbar.

Her er det ein del naturlege årsakar til at svara varierar. Nokre spelarar er svært unge og har naturlegvis ikkje sett så mykje video tidlegare i karriera. Eit eksempel på det er:

S4:

Det er først no eg har begynt å sjå på video, etter at eg kom opp på seniorlaget.

Eit anna eksempel på at ein spelar ser meir video no enn tidlegare er at han spelar på eit høgare nivå no enn før.

S6:

Når eg spelte i Sverige såg eg nesten ikkje på video. Det er litt vanskeleg å samanlikne eigentleg, sidan dette er på eit høgare nivå. Eg ser mykje meir video no enn eg gjorde tidlegare.

Ein av dei meir rutinerte spelarane i undersøkelsen ser mindre video på sitt noverande tidspunkt.

S5:

Mindre. Eg trur eg hadde eit større behov for det då eg var yngre enn det eg har no.

Den andre av dei rutinerte spelarane har ei litt lengre forklaring på utviklinga i bruken av video feedback gjennom karriera si.

S1:

Dersom eg samanliknar med for 10 år sidan, ser eg mykje meir video no. Samanliknar eg med for to til tre år sidan er det omtrent det samme. Det er klart det har skjedd ei utvikling innan dette. Eg hugsar at det var svært lite video for ca. 12-13 år sidan. Eg trur det var omtrent i 2011 og 2012 dette blei noko. For ca. 10 år sidan var det begynt å bli ein liten del av kvarldagen vår, med møter etter kamp der vi såg video, men ikkje nokre individuelle klipp. Dei individuelle klippa har eg berre arbeida med i rundt fem til sju år. Dette er noko som har blitt ein del av trening og kampanalyser. Dei seinaste fire åra har det blitt ein stabil ting der vi ser på video etter kvar kamp.

Dei som har hatt ei litt lengre karriere og har spelt for andre klubbar, svarar slik når det kjem til forskjellen mellom dagens klubb og dei tidlegare klubbane.

S1:

Eg har spelt for andre klubbar, men det var mindre video i dei tidlegare klubbane. Dette har ein naturleg forklaring. Sidan eg har vore er i nesten seks år, og det har skjedd mykje utvikling på den tida. I dei tidlegare klubbane var det meir evaluering etter kamp, men ikkje så mykje individuelt. Dette syns eg har blitt meir og meir av. I dag er det ein naturleg del av fotballkvardagen.

S2:

Ja. Eg syns det var mykje video også i min tidlegare klubb, også mykje individuelle videoar. Dette kjem av at eg oppsøkte det sjølv. Ein blei ikkje spurta om ein ville sjå video med ein trenar. Når vi såg video var det fordi eg spurte om dei hadde tid. På laget sin taktikk var det omrent like mykje video som no.

S5:

Det er litt vanskeleg å svare på. Heilt i starten av karriera mi hadde eg ikkje så mykje individuelle klipp. Eg vil sei at det har vore ei stigande kurve i karriera mi, ikkje fordi det er meir i denne sesongen enn i tidlegare sesongar. Dei første fem åra av karriera mi er annleis enn mine 10 siste år. Video er komt meir og meir, og det er eg glad for. Det er jo også litt forskjellar på tilgjengelegeita. I “klubb nummer 1” blei det gjerne slik at eg såg kampane, for der fekk vi ikkje tilsendt klippa. Men her fikk vi tilsendt klipp dersom ein ønskte det. Dersom det for eksempel var ein kamp der eg var litt ueinig med trenaren i oppfattelsen av kampen, satte vi oss ned og såg halvannan time med videoklipp. Dette var eigentleg veldig nyttig. I min nåværende klubb ser vi klippene på en annen måte.

I “klubb nummer 2” såg eg eigentleg ikkje nokon klipp, men der gjekk det meir på tilgjengelegeita. Der hadde eg moglegheit til å sjå kampen i sin heilskap, men det var på eige initiativ, og hadde ikkje noko med klubben sitt opplegg å gjere. I “klubb nummer 3” var set up-et mykje likt som i min noverande klubb, med at det står datamaskiner dagen etter kamp, og ein kan sette seg ned og sjå klippa der. Det gjorde eg stort sett alltid i “klubb nummer 3”, for der var det så enkelt og lett tilgjengeleg.

Det er stor variasjon, men jamt over ser dei fleste meir video på sitt noverande tidspunkt i karriera enn dei gjorde før. Samtlige som har spelt for andre klubbar ser meir eller like mykje video i sin noverande klubb samanlikna med kva dei gjorde i sine tidlegare klubbar.

4.2.5 Eksempel frå karriera

Spelarane blei spurta om dei har eksempel frå karriera si kor dei har sett noko på video og det var direkte overførbart til ein situasjon på bana. Alle spelarane i undersøkelsen svarar at dei har konkrete eksempel frå karriera, kor bruk av video har vore direkte overførbart til ein situasjon på bana. Nokre hugsar ein slik situasjon med ein gong medan nokon må tenke seg litt meir om for å finne ein slik situasjon. Nokre eksempel av spesifikke situasjoner som spelarane meiner er direkte overførbare følger under.

S1:

Når vi ser på motstandarane våre kan vi sjå kva for rom vi gjerne vil angripe. Her syns eg det er stor samanheng mellom kva vi ser i kampen, og kva vi ser på video. Det er definitivt direkte overførbart når det kjem til dødballar, men det er jo også lettare å sjå på. Ballen ligg i ro og motstandaren stiller seg opp akkurat som dei har gjort dei seinaste kampane. Derfor syns eg det er overførbart; ganske ekstremt overførbart til og med.

S4:

Ja, det føler eg. Igjen kjem det med posisjonering inn. Her har eg sett om eg skal vere lengre ut i bana og halde breidde, eller om eg skal kome inn og spele smalare. I starten var det derfor til stor hjelp for meg. Eg fann ut at eg skulle gå lengre inn i bana og spele smalare.

S6:

Eg har for eksempel hatt stor framgang i presspelet mitt. Det er noko som bruken av video har hjelpt meg mykje med. Der har vi brukt video til å sjå på når eg skal gå i press, og når eg skal dette av.

Sjølv om alle spelarane har positive erfaringar med å sjå video av seg sjølv og ta med lærdomen ut på bana, har ikkje alle like god erfaring med å sjå video av ein motsandar. To av dei seks spelarane informerer om at dei ikkje har nokon nytte av å studere sin kommande motsandar i kampen.

S5:

Å sjå på video av andre spelarar har eg eigentleg aldri brydd meg så mykje om. Som eit taktisk overblikk kan eg like det, men der syns eg at gjennomgangen som vi har med heile laget gir meg den informasjonen eg treng. Å dykke ned i ein forsvarsspelar og sjå kva han gjer er ikkje noko eg har gjort. Eg veit ikkje om det er fordi eg er lat og ikkje gidd å bruke tid på det. Eg føler berre psykisk at dersom er fokuserar for mykje på dei andre, fjernar eg fokuset frå meg sjølv, og blir så fokusert på dei, i staden for at fokuset er på at eg sjølv skal vere god.

S4:

Ein enkelt gong prøvde eg å sjå på video av ein motstandar, men det følte eg ikkje gjekk så bra. Eg blei meir opptatt av korleis han spelar enn å tenke på korleis eg sjølv burde spele. Eg ønsker å fokusere meir på meg sjølv. Dette er faktisk noko eg ikkje gjer, meg eg har sjølvsagt kontroll på om det er høgre- eller venstrefot, og om han skjær inn eller går rundt for å slå innlegg.

S3:

Eg ser også på motspelarane som eg skal spele direkte overfor, og dannar meg eit bilet over styrker og svakheiter. Så kan eg sjå kva for situasjonar han ikkje er så god på, og prøve å sette han i slike situasjonar.

S1:

Nokre gongar når eg ser på motstandaren er eg litt meir fokusert på dei sentrale midtbanespelarane, sidan det er dei eg skal møte i kampen. Eg vil gjerne unngå å gjere naive feil. Dersom eg for eksempel møter ein som Rasmus Falk, så veit eg gjerne at han vil vende om og ha raske bein. Derfor skal eg ikkje gå for raskt opp i press slik at eg blir utspelt. Det er slike små ting ein legg merke til når ein ser slike videoar.

5.0 Diskusjon

På spørsmålet om kva målet med individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video er, svarte hovudtrenar “Sjølv målet med klippa er å bevisstgjere spelarane på deira eigen prestasjon ut ifrå eit fotballperspektiv.” Med dette meinar han at hovedmålet er å heile tida vere bevisst på eigen prestasjon og fylle på med taktisk kunnskap over tid. I teorien ser vi at læring i eit kognitivt perspektiv handlar om nettopp dette. I følge det kognitive perspektivet består læring i “å forandre forståelse som vi allerede har, heller enn enkle tilegnelser skrevet på blanke ark” (Greeno, Collins & Resnick 1996:18, referert i Woolfolk 2006, 164).

Vi finn også noko liknande i teoridelen om hukommelse.

Hukommelsen vår er sentral i korleis vi tolkar ulike hendingar, då den lagrar og hentar informasjon, samanliknar ny og gammal informasjon og inneheld store mengder data (Nyhus 2001, 12). Den handlar automatisk og ofte utan at vi er bevisst over det. Intuisjonen sørgar for ei ubevisst innhenting av informasjon, og har kjelde i hukommelsen vår. Det vi har lært er det vi hugsar (Medin & Ross 1992, referert i Nyhus 2001, 12). Det er først og fremst snakk om lagring av kunnskap og ferdigheter, i tillegg til at hukommelsen er det vi kan hugse av hendingar vi har opplevd.

S3:

Eg syns det er bra. På eitt vis får ein eit overblikk. Det finnast så mange klipp frå ein og same kamp, og dersom ein ser på fleire kamper kan ein sjå eit mønster. Det føler i all fall eg, gjennom eit mønster med meg og medspelarane mine. Eg ser kva eg sjølv kan gjer i ulike situasjonar, og slik kan eg utvikle spelet mitt når eg havnar i situasjonar på bana. Det gjer at eg kan, kanskje ikkje på automatikk, sjå på motstandaren og sjå korleis dei spelar og kjenne meg igjen.

Over ser vi eit eksempel på korleis ein spelar oppfattar individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video. Vi ser at han nevner at han opparbeidar seg ein forståelse for eit slags mønster når han ser på fleire kamper over tid. Vi har også teori på at idrettsutøvarar bygger

seg ein slags kunnskapsbase over tid. I denne kunnskapbasen kan ein finne slike mønster som spelaren gjengir i svaret sitt.

Ulike studier viser at det er ein samanheng mellom kognitive faktorar, taktiske kunnskapar og beslutningar i idrett (Moran 2012, referert i Gil-Arias et al. 2015, 635). Utøvarar har ein *kunnskapsbase* som gjer det mogleg for dei å lese kampsituasjonar og fatte beslutningar under kamp (Williams, Davids, & Williams 1999, referert i Gil-Arias et al. 2015, 636).

Denne kunnskapsbasen som utøvarane har lagra i hukommelsen berører ei rekke kognitive prosessar som gjer at utøvaren kan velge respons. Informasjon og oppdateringar er lagra i utøvaren sin hukommelse som utgjer utøvaren sin kunnskapsbase (Magill 2007, referert i Gil-Arias et al. 2015, 636).

Individuelle klipp saman med trening og anna feedback er med på å bygge spelarane sine kunnskapsbasar. Kunnskap som blir lagra i minnet påverkar beslutningsprosessen slik at dess større og meir variert taktisk kunnskap ein spelar har, dess betre blir beslutningsprosessen. Som ein konsekvens av dette blir sportskompetansen til ein spelar betre (Nielsen & McPherson 2001; Starkes, Helsen, & Jack 2001, referert i Gil-Arias et al. 2015, 636). Dette viser S1 interesse for gjennom sin kommentar:

S1:

Eg syns godt at ein kan sette seg ned med ein trenar ein gong i veka og gå gjennom 3-4 klipp og snakke og utvikle fotballintelligens

Etter kvart som kunnskapen aukar, er det to typar kunnskap som utviklar seg i langtidsminnet. Desse er “action plan profiles” og “current event profiles”. Action plan profiles (heretter kalt “handlingsprofil”), er kognitive ferdigheiter som gir eit overblikk over noverande situasjon, for å ta ei mest mogleg nøyaktig avgjerdslsle. Ein slik noverande situasjon kan vere posisjonering av motstandar, motstandar sitt bevegelsesmønster og liknande. Current event profiles (heretter kalt “aktuell hendelsesprofil”) er definert som eit meir kontekstbasert taktisk guide. Denne guiden er til hjelp for oppbygging av forståelse og konstante oppdateringar og viktige element under ein kamp. Denne kunnskapen er basert på tidlegare konkurransar og erfaringar. Eksempel på slike forståingar eller oppdateringar under kamp kan vere utvikling av motstandaren sine styrker og svakheiter (McPherson 2008, referert i Gil-Arias 2015, 636).

Både handlingsprofil og aktuell hendelsesprofil blir brukt til å prosessere viktig informasjon rundt konkurranse situasjonen, velge ein respons og tilpasse seg ei teknisk utføring under konkurransen. Dess betre utvikla desse kunnskapsprofilane er, dess betre moglegheit har spelarane til å hente ut relevant informasjon, og bruke denne til å fatte beslutningar og justeringar undervegs i konkurransen (McPherson & Kernodle 2007, referert i Gil-Arias 2015, 636). Under ser vi eit eksempel på at både S4 og S6 nyttar handlingsprofil og aktuell hendelsesprofil når dei skal velje responsar og tilpasse seg konkurransen:

S4:

Ja, det føler eg. Igjen kjem det med posisjonering inn. Her har eg sett om eg skal vere lenger ut i bana og halde breidde, eller om eg skal kome inn og spele smalare. I starten var det derfor til stor hjelp for meg. Eg fann ut at eg skulle gå lenger inn i bana og spele smalare.

S6:

Eg har for eksempel hatt stor framgang i presspelet mitt. Det er noko som bruken av video har hjelpt meg mykje med. Der har vi brukt video til å sjå på når eg skal gå i press, og når eg skal dette av.

Ulike studier viser at det tar mange år å utvikle begge desse kunnskapsprofilane som er lagra i langtidsminnet. Dette kjem av at det er små einingar av informasjon og strategiar som utgjer kunnskapsprofilane. For eksempel konkurransenivå, trening, type sport, utovaren sitt talent og kor mange år ein har drive med sporten (McPherson & MacMahon 2008, referert i Gil-Arias 2015, 636). Dette er noko som vi tydeleg ser igjen i svara til både trenar og spelarar.

“Eg trur som utgangspunkt at jo eldre ein blir, jo mindre video har ein bruk for å sjå. Då har ein opparbeida seg ei viss form for erfaring. Det er dermed ikkje sagt at ein ikkje kan lære noko sjølv om ein blir eldre, men eg trur tilgangen til det er annerledes. Derfor trur eg ofte at dei yngre spelarane har stor effekt av dette redskapet. Jo eldre ein blir, er der andre parameter som spelar inn for deg. Der trur eg video blir brukt i mindre grad.”

Hovudtrenar meinar at yngre spelalarar i større grad har behov for individuell video som feedback for å utvikle seg.

Vi ser også ein enorm forskjell på kor ofte spelarane ser individuelle klipp saman med ein trenar. Det er heilt klart at dei unge spelarane ser meir video saman med ein trenar enn kva dei eldre spelarane gjer.

S1:

Det er svært sjeldan. I denne klubben er det kanskje 2 til 3 gongar i året. På landslaget har vi alltid nokre klipp som vi ser saman med ein trenar den fyrste dagen på samling. I desse klippa går vi gjennom dei to siste kampane våre. Der får vi sendt klippa rundt på mail, og vi må sjå gjennom dei før vi møtest på landslaget, der vi har eit møte med trenar. Der går vi gjennom det offensive og defensive frå dei to siste kampane. Med landslaget ser eg på klipp med ein trenar éin gong per samling.

S5:

Sånn som det er no så er det nok 2-4 gongar i sesongen.

S3:

Annankvar veke trur eg.

S6:

Eg ser video med ein trenar etter kvar kamp. Så det blir ca. ein gong i veka.

På spørsmål om han ser meir eller mindre video på sitt noverande tidspunkt i karriera svarar ein av dei eldre spelarane slik:

S5:

Mindre. Eg trur eg hadde eit større behov for det då eg var yngre enn det eg har no. I ein kognitiv prosess har ein interne og eksterne referanserammer. I fotball vil den interne referanseramma kunne vere spelaren sitt fysiske og biologiske grunnlag. Den eksterne referanseramma kan vere kva som skjer i spelet, eksempelvis posisjonering, motstandarar og ball (Araújo et al. 2006, referert i Araújo 2013, 3).

I teorien om ei ekstern referanseramme er eit døme på ei ekstern referasneramme motstandaren. Under ser vi tre ulike spelarar sin framgang på korleis dei bygger seg eit bilde av motstandaren sin.

S1:

Eg likar godt pre-match der ein gjennomgår motstandaren og ser på dei offensive og defensive situasjonane. Der ser vi kvar moglegheitene våre ligg. Det syns eg er mest givande. For eksempel å sjå klipp frå mostandaren sine siste kampar og finne opningar, men det handlar jo også om kva for ein type spelar ein er.

S4:

Ein enkelt gong prøvde eg å sjå på video av ein motstandar, men det følte eg ikkje gjekk så bra. Eg blei meir opptatt av korleis han spelar enn å tenke på korleis eg sjølv burde spele. Eg ønsker å fokusere meir på meg sjølv. Dette er faktisk noko eg ikkje gjer, meg eg har sjølvsagt kontroll på om det er høgre- eller venstrefot, og om han skjær inn eller går rundt for å slå innlegg.

S3:

Eg ser også på motspelarane som eg skal spele direkte overfor, og dannar meg eit bilet over styrke og svakheiter. Så kan eg sjå kva for situasjonar han ikkje er så god på, og prøve å sette han i slike situasjonar.

Vi ser at det er ulik tilnærming blant dei ulike spelarane.

6.0 Avslutning

Eg kan ikkje bruke funna i denne oppgåva til å generalisere, då eg berre har vore i kontakt med spelarar frå ein klubb og berre eit lite utval av spelarar i denne klubben. Eg føler likevel at eg kan sjå tendensar mellom spelarane sine svar og teorien.

Eg sit igjen med eit bilde av at individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video har ein effekt på spelarane. Ut i frå teorien i oppgåva og svara til spelarane og trenaren, kan eg sjå ein samanheng mellom spelarane sine måtar å oppfatte det taktiske aspektet i fotball og korleis teorien om intuisjon i hukommelsen fungerar.

Teorien seier at det tar mange år å utvikle ein kunnskapsprofil. Eg kan her også sjå ein viss samanheng mellom kor stort behov dei ulike aldersgruppene har for individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video. Dei yngre spelarane ser meir video enn dei eldre og dei eldre såg meir video då dei var yngre enn kva dei gjer i dag. Dette kan vere fordi dei har utvikla ein omfattande kunnskapsprofil gjennom karriera si og har dermed mindre behov for taktisk input. Her ser vi også ein samanheng med trenaren sine tankar, han svarte at han trudde yngre spelarar har eit større behov for å sjå på video. Noko som stemmer med svara til spelarane.

Det er også ein god smanheng mellom trenaren sine mål med individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video og spelarane sine vanar rundt dette. Trenaren ønskar som utgangspunkt at spelarane skal sjå video før og etter kamp. Alle spelarane svarar at dei ser videoklipp etter kamp medan nokre spelarar også ser klipp fleire gongar i veka. Sjølv om alle spelarane er tilfredse med tilgangen og tilrettelegginga for video i klubben er der nokre som kunne ønske å sjå meir video saman med ein trenar.

Teorien seier at det skal vere ein viss effekt av å sjå video av sin prestasjon etter kamp. Dette er også noko trenaren trur på at det har ein effekt. Spelarane svarar alle saman at dei meinat det har ein effekt for dei som enkeltspelarar samt som lag.

7.0 Litteratur

Araújo, Duarte. 2013. "The study of decision-making behavior in sport". *International Journal of Sport Science* 9 (9): 1-4.

<https://www.cafyd.com/REVISTA/editorial31.pdf>

Christoffersen, Line & Johannessen, Asbjørn. 2012. *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag AS

Dalen, Monica. 2013. *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget AS

Dalland, Olav. 2015. *Metode og oppgaveskriving* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Gifford, Clive. 2008. *Fotball: alt du bør vite om dette fantastiske spillet*. Oversatt av Richard Borge. Risør: Esstess-forlaget

Gil-Arias, Alexander, Villar, Fernando Del, García-González, Luís, Moreno, Alberto & Moreno, M. Perla. 2015. "Effectiveness of video feedback and interactive questioning in improving tactical knowledge in volleyball". *Perceptual & Motor Skills: Exercise & Sport* 3 (121): 635-653.

https://www.researchgate.net/publication/284553860_EFFECTIVENESS_OF_VIDEO_FEEDBACK_AND_INTERACTIVE_QUESTIONING_IN_IMPROVING_TACTICAL KNOWLEDGE_IN_VOLLEYBALL_1_2

Goksøyr, Matti. 2014. *hva er FOTBALL*. Oslo: Universitetsforlaget

Johannessen, Asbjørn, Tufte, Per Arne & Christoffersen, Line. 2016. *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Oslo: Abstrakt forlag AS

Larsen, Ann Kristin. 2017. *En enklere metode. Veiledning i sammfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget

Menickelli, Justin. 2004. “The effectiveness of videotape feedback in sport: examining cognitions in a self-controlled learning environment”. Doktorgrad, Louisiana State University

Nyhus, John Kenneth. 2001. *Intuisjonens rolle ved ledelse og beslutningstaking*. Ytre Laksevåg: Sjøkrigsskolen

Thurén, Torsten. 2009. *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk

Woolfolk, Anita (2006). *Pedagogisk psykologi*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag

8.0 Vedlegg

8.1 Vedlegg 1: Intervjuguide, trenar


Uformell prat og innleiing Eg set av tid til uformell prat før eg set i gong med intervjuet, og <u>set på</u> lydopptaket. Eg <ul style="list-style-type: none">• presenterer meg• fortel kort om prosjektet• presenterer tema for informanten		
Introduksjonsspørsmål	<ul style="list-style-type: none">• Hva er målet ditt med individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video til spillerne?	5 minutt
Overgangsspørsmål	<ul style="list-style-type: none">• Hvordan opplever du effekten på spillerne hver for seg?• Hvordan opplever du effekten på laget samlet sett?	5 minutt
Nøkkelspørsmål	<ul style="list-style-type: none">• Hvor ofte ønsker du at spillerne skal se på video av egne prestasjoner?• Hvor ofte tror du spillerne selv ser på video?• Er det noen posisjoner eller aldersgrupper du føler at video har større effekt på enn andre?	5 minutt
Avslutning	<ul style="list-style-type: none">• Du nevner at du vil bruke video til læring og at de også skal lære hvordan de skal se på video og hva de skal ta med seg fra klippene. Er det noen opplæring i hvordan de skal lære seg å se på video?	5 minutt

8.2 Vedlegg 2: Intervjuguide, spelar

Uformell prat og innleiing Eg set av tid til uformell prat før eg set i gong med intervjuet, og <u>set på</u> lydoppaket. Eg <ul style="list-style-type: none"> • presenterer meg • fortel kort om prosjektet • presenterer tema for informantane 		
Introduksjonsspørsmål	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis opplever du individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video? 	5 minutt
Overgangsspørsmål	<ul style="list-style-type: none"> • Føler du at det har ein effekt for deg som spelar? • Føler du at det har ein effekt for laget? • Sånn ca kor ofte ser du på video for deg sjølv? • Sånn ca kor ofte ser du på video med ein trenar? 	5 minutt
Nøkkelspørsmål	<ul style="list-style-type: none"> • Kor ofte kunne du ønske deg å sjå på video med ein trenar? • Ser du meir eller mindre video på ditt <u>noverande</u> tidspunkt i karrieren enn du gjorde før? • Er du <u>tilfreds</u> med <u>tilrettelegginga</u> for individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video? • Er du <u>tilfreds</u> med <u>tilgangen</u> på video? • Har du spelt for andre klubbar i din <u>karriere</u>? Om ja, såg du meir video i din tidlegare klubb? • Kva videoar føler du har størst effekt for deg og di læring? Individuell video av deg sjølv, eksempelvis: <u>involveringar</u> eller <u>posisjonering</u>? Eller video for heile laget, 	5 minutt

	eksempelvis: før kamp førebuingar eller video av treningssituasjoner?	
Avslutning	<ul style="list-style-type: none"> • Har du eksempel frå di karriere der noko du har sett på video har vore direkte overføbart til ein situasjon på banen? I så fall utdyp. 	5 minutt

8.3 Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD



8.4 Vedlegg 4: Informasjonsskriv



Høgskolen i Molde

Fakultet for logistikk og samfunnsvitenskap

Samtykkeskjema – «Korleis opplever spelarar og trenar på eit elitelag i fotball effekten av individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video?»

Bakgrunn og føremål

Denne bacheloroppgåva har som føremål å finne ut korleis spelarar og trenar på eit elitelag i fotball opplever effekten av individuell prestasjonsfeedback. Eg vil sjå på om det er samanheng mellom trenaren sine forventningar og spelarane sin opplevde effekt.

Eg har vald seks ulike spelarar inndelt i tre ulike aldersgrupper, for å få breidde i datainnsamlinga. Denne fotballklubben har ein trenar, og det var derfor naturleg at det var han som blir intervjua.

Hva innebærer deltagelse i studien?

Datainnsamlinga vil føregå gjennom enkeltintervju, der eg intervjuar alle informantane ein og ein. Eg skal ikkje innhente andre opplysingar enn namn, gjennom at informantane må signere på samtykkeskjema. Namna blir anonymiserte i oppgåva. I tillegg vil eg ta lydopptak av intervjuen, men dette er for min eigen del når eg skal jobbe vidare med oppgåva. Det er berre eg som har tilgang til desse opptaka, og dei blir sletta så fort intervjuen er transkriberte.

Spørsmåla i intervjuen vil omhandle bruken av individuell prestasjonsfeedback ved hjelp av video.

Prosjektet mitt er meldt inn til Norsk senter for forskningsdata.

Hva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysingar vil bli behandla konfidensielt. Det er berre eg som har tilgang til samtykkeskjema og lydopptak av intervjuen. Så fort intervjuen er transkribert blir lydopptaka sletta, og når prosjektet er avslutta, blir samtykkeskjema makulert. Desse samtykkeskjema blir oppbevart atskilt frå notat og transkriberinger.

Eg vil kome til å omtale fotballklubben med namn, og det vil derfor vere mogleg å identifisere informantane mine ved ein eventuell publikasjon.

Frivillig deltagelse

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgi nokon grunn. Dersom du trekk deg, vil alle opplysingar om deg bli anonymisert/fjerna.

Spørsmål om studien kan sendast til

Magnus Gilleshammer

lgilles96@hotmail.com

+47 482 05 979

eller

Ole Martin Kleivenes

ole.m.kleivenes@himolde.no

Samtykke til deltakelse i studien

Jeg har mottatt informasjon om studie, og er villig til å delta

(Prosjektdeltakers signatur, dato)